



**PROSJEKTADMINISTRASJON – REGULERING - KOMMUNALTEKNISK PLANLEGGING**

Lindås Kommune  
Byggesaksavd.  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN  
TLF: 56 58 11 30  
Faks: 56 58 11 99  
post@byqqadmin.no

Dato: 27.02.2019

Eide Fjordbruk AS      Gnr 195, bnr. 170, Leknes

**Søknad om utlegging av flytekai**

*Jf. Plan og bygningslova §19-2.  
Søknad om dispensasjon fra PBL §1-8*

Tiltakshavar Eide Fjordbruk AS ynskjer å leggja ut ein flytekai ved Leknes kai i Lindås Kommune. Seskapet har 2 matfisk-konsesjonar i Osterfjorden, som dei tilsette reiser til og frå til denne kaien. Dei ynskjer no å få etablert ein flytekai, slik at dei tilsette får ein tryggare tilkomst til båtane dei nyttar i arbeidet sitt.

Dette tiltaket krevja dispensasjon etter PBL § 1-8.

I samband med søknad om utlegging av flytekai på gnr 195, bnr 170 på Leknes i Lindås Kommune, vil me søkje om følgjande dispensasjon:

- **Søknad om dispensasjon fra byggeforbodet nær sjø, jf. PBL § 1-8**

**Grunngjeving:**

Tiltaket som her er omsøkt, vil gje dei tilsette som nyttar båt til og frå matfiskanlegga ein tryggare kvardag. Området her er utsett for ver og vind, og det kan bli til dels grov sjø her. Dette tiltaket vil i så måte gje mindre bølger, og dermed gje ei tryggare omord- og islandstigning i båtane. Samtidig vil det også verta betre å fortøya båtane som dei tilsette nyttar i arbeidet.

Det omsøkte tiltaket vert 2 stk flytande betongkaier, kvar på 4 x 20 meter, som vert montert i L-form. Det vert også ein mindre landgang frå eksisterande kai på land og ut på flytekaien. Flytekaien vert forankra med fortøyningar på sjøbotn, og dels til land.  
( sjå vedlagt teikning)

Eide Fjordbruk AS har leigeavtale med Sameiet Leknes Kaianlegg om bruk av kaien på land, med tilhøyrande landområde. Denne avtalen er fornøya i juni 2018, og gjeld i 5 år med opsjon på vidare leige.

---

Privat:

Harald Bjørndal  
Bjørndal, 5640 Eikelandsosen  
tlf: 56585119 mob: 970 63 526

André Bjørndal  
Bjørndal, 5640 Eikelandsosen  
tlf: 56581008 mob: 950 42 104

Org. nr: 992238755

Bergen Havn har gjeve ein forhåndsuttale i saka, og dei kan ikkje sjå at tiltaket vil vera problematisk etter havne- og farvannslova, og dei er innstilt på å fatta positivt vedtak i saka.

Området som det omsøkte tiltaket ligg i, er i arealplanen avsett til kaste- og låssettingsplass. Fiskarlaget Vest har sendt inn ein uttale til tiltaket, der dei ikkje vil gå i mot omsøkte tiltak under visse forutsetningar:

- *At det vert mulig å festa lås/steng i det omsøkte tiltaket*
- *At ferdsel til og frå kaien legget tar omsyn til lås/stengsetting*
- *At kaien ikkje vert lyssett*
- *At fortøyningane vert mest mulig avgrensa*

Tiltakshavar vil i størst mulig grad prøva å etterkomma dette, men for eksempel fortøyningane må vera store nok og ha ei slik utstrekning at dei toler belastninga få flytekaien.

Dette tiltaket vil også bidra til ei styrking av havbruksnæringa i kommunen, og då er det viktig at dei tilsette har trygge arbeidstilhøve.

I Lindås Kommune sin samfunnsdel til kommuneplanen, er havbruk lista opp som eit satsingsområde, der bruk av sjø og kystlinje skal brukast til næringsretta aktivitet. Dette tiltaket vil vera med å støtta oppunder dette, og sikra eksisterande arbeidsplassar i kommunen no og i framtida.

Tiltaket vil ikkje ha nokon negativ miljøverknad for natur, kulturmiljø, friluftsliv, landskap, jordvern eller andre allmenne interesser. Fritidsfiske kan verta mindre berørt med dette tiltaket, og det omsøkte tiltaket vil gje eit nytt, visuelt inntrykk.

Det omsøkte tiltaket vil ikkje gje endra tilhøve med avkjørsel, tilkomst eller parkering. Eksisterande infrastruktur vert nytta slik som i dag.

Fordelen med dette tiltaket vil vera vesentleg større enn ulempa, då dette vil vera med på å styrkja eksisterande næringsaktivitet i kommunen, dei tilsette vil få ein tryggare arbeidskvardag, samt at båtar og anna materiell vil verta mindre utsett for vind og grov sjø.

***Me søker hermed dispensasjon fra byggeforbodet i strandsona jf. PBL §1-8.***

***Tiltaket er nabovarsla, jf PBL § 21-3, 1. og 3. ledd.***

***Vedlegg:***

- *Kart med innteikna kai og landgang*
- *Situasjonsplan med kai og forankringer*

Med helsing

  
Carl-Johan Haugen

Carl-Johan Haugen

Ansvarlig søker

Privat:

Harald Bjørndal  
Bjørndal, 5640 Eikelandsosen  
tlf: 56585119 mob: 970 63 526

André Bjørndal  
Bjørndal, 5640 Eikelandsosen  
tlf: 56581008 mob: 950 42 104

Org. nr: 992238755